



Til elevar og føresette ved skulane i Kviteseid kommune

Informasjon kring bruk av læringsbrett i Kviteseid kommune

Hausten 2019 vil elevane på 1.-4. trinn i Kviteseid kommune få utdelt læringsbrett. Vinteren 2020 vil 5.-10. trinn følgje etter. Saman med læringsbrettet, vil de få eit deksel og ei avtale for bruk til signering.

Kvifor tek vi i bruk læringsbrett?

Vi meiner at elevar som lærer seg å nytte fleire ulike digitale verktøy (læringsbrett, digitale tavler, PC m.m.) og fleire ulike program/appar blir betre rusta for framtida. Både i yrkeslivet og i privatlivet er det både nå og i framtida behov for god digital kompetanse, og det ynskjer vi at elevane i skulane i Kviteseid skal tileigne seg.

Ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen er digitale ferdigheiter. I fagfornyinga, ny nasjonal læreplan som tek til hausten 2020, skal digitale ferdigheitar også inn i kvart enkelt fag. Den nye læreplanen skal ruste elevane for framtida i tråd med samfunnet sine endringar. Den skal bidra til å danne og utdanne barn og unge som reflekterer, er kritiske, utforskande og kreative. Ved å ta i bruk læringsbrett, får lærarane fleire verktøy å bruke i undervisninga. Det blir lettare å variere og tilpasse undervisninga. Det betyr ikkje at vi skal slutte med å bruke PC eller lærebøkar, men at læringsbrettet gjev fleire pedagogiske moglegheiter i tillegg. Læringsbrettet er mellom annan betre lagt til rette for å bruke bilde/kamera og film og å skape. Det er også lettare å ta med seg og jobba andre stader enn i klasserommet, med dei moglegheitene det gjev for samarbeid og læring t.d. i naturen.

Vi er medvitne om at læringsbrettet ikkje skal vera eit «leiketøy» eller brukast ukritisk. Derfor vel vi også å bruke omgrepet «læringsbrett» og ikkje «ipad». Det er ikkje høve til å laste inn egne appar/program på læringsbrettet, alt er styrt sentralt av Kviteseid kommune. Det er lagt vekt på appar som er såkalla produksjonsappar. Det vil seie appar som ein ikkje blir ferdig med eller lei av etter ei stund, men som brukast til å skape noko. Døme på dette er appen «Kidspiration», som er ein app for tankekart med både tekst, symbol og bilde. Læringsbrettet legg også betre til rette for tilpassa og individualisert opplæring og mange opplever meistring og læringsglede ved at sluttproduktet blir fint, uavhengig av finmotoriske ferdigheitar.

Læringsbrettet legg også godt til rette for deling og samarbeid. Vi har også i alle klasserom fått installert digitale tavler, som gjer det lett både for elevar og lærarar å vise kva dei har laga på læringsbrettet.

Dersom de har spørsmål eller kommentarar, må de gjerne ta kontakt med avdelingsleiarane, rektor eller kommunalsjef.

Med helsing

Ingunn Haugland, kommunalsjef

Sigrun Kvamme, rektor

Odd-Arne Thorbjørnsen, avdelingsleiar 1.-7. trinn

Anne-Marthe Midtbøen, avdelingsleiar 8.-10. trinn

Hilde Berntsen, avdelingsleiar 1.-4. trinn Brunkeberg oppvekstsenter

Astrid Breivik, avdelingsleiar 1.-4. trinn Straumsnes oppvekstsenter



Kviteseid kommune

September 2019